



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
03.03.2022	29224/2022	Rebekka Varne

Saksnr	Utval	Møtedato
	Kultur-, næring- og folkehelseutvalet	15.03.2022
	Fylkeskommunedirektøren - innstilling	23.03.2022
	Fylkesutvalet	04.04.2022

Høyring - forslag til endringar av dyrehelseforskrifta sine reglar for akvatiske dyr, etableringsforskrifta og akvakulturdriftsforskrifta

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

1. Møre og Romsdal fylkeskommune ber om at forskriftsendringane tek omsyn til saksbehandlingsreglane etter akvakulturlova og tidsfristforskrifta.
2. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at godkjenning av akvakulturanlegg må bli lagt til driftsfasen, og viser til at sertifisering av anlegg og godkjenningar av driftsplanar er ein del av driftsfasen.
3. Møre og Romsdal fylkeskommune ber om at fylkeskommunane blir involvert i det kommande arbeidet med tilpassinga av regelverket når det gjeld tildeling av akvakulturløype.

Bakgrunn

Mattilsynet har etter oppdrag frå Nærings- og fiskeridepartementet (NFD) sendt på høyring forslag til endringar i dyrehelseforskrifta sine reglar for akvatiske dyr. Forslaget medfører også forslag til endringar i etableringsforskrifta for akvakulturanlegg og akvakulturdriftsforskrifta. Bakgrunnen for endringa er tilpassing til dyrehelseforordninga i EU (EU 2016/429). Høyringsfristen er 21.03.2021. Forslag til endringar i kvar enkelt forskrift omfatta av høyringa er å finne på Mattilsynet si [nettside](#). Høyringsbrevet ligg vedlagt.

Saksframlegget tek for seg dei delane av forslaget som direkte vil påverke fylkeskommunen si rolle som koordinerande myndigheit i akvakulturforvaltninga.

Fylkeskommunanes akvakultursamarbeid (FAKS) tok initiativ til eit digitalt møte med Mattilsynet om høyringsforslaget. Mattilsynet sin presentasjon gir ei oversikt over kva forskrifter som må tilpasse seg EU-forordninga. Presentasjonen er tilgjengeleg [her](#).

Fylkeskommunen si rolle i akvakulturforvaltninga

Fylkeskommunen er med heimel i [akvakulturlova](#) myndigheit til å fatte vedtak etter [laksetildelingsforskrifta](#) og [tildelingsforskrifta for akvakultur av andre arter](#).

Fylkeskommunen er koordinerande myndigheit i [tildelingsfasen](#), det vil seie at fylkeskommunen behandlar søknader om: klarering av nye lokalitetar eller endring

av eksisterande akvakulturlokalitetar for laks og aure i sjø og på land, tildeling av nye løyve til produksjon og landbaserte akvakulturlokalitetar for produksjon av laks og aure og tildeling av løyve til produksjon og klarering av lokalitetar for andre artar enn laks og aure i sjø og på land. Som koordinerande myndigheit er det fylkeskommunen som tek i mot og kvalitetssikrar søknadar før dei blir oversendt sektormyndigheiter og den aktuelle kommunen for behandling. Sjå figur 1. for oversikt over søknadsprosessen.



Figur 1: Saksbehandling av akvakultursøknader i tildelingsfasen

I saksbehandlingsfasen skal Mattilsynet, Statsforvaltaren og Kystverket fatte vedtak etter sektorlovene, høvesvis matlova, forureiningslova og hamne- og farvasslova, jf. figur 1. Statsforvaltaren gir i tillegg uttale om naturvern-, friluft-, fiske- og viltinteresser, medan Fiskeridirektoratet gir uttale om tradisjonelle fiskeriinteresser.

Etter at sektormyndigheitene har gjort sine vedtak og uttaler, gjer fylkeskommunen ei samla vurdering om det blir gitt løyve eller avslag etter tildelingsforskriftene. Fylkeskommunen kan berre gi løyve dersom det ligg føre løyve etter dei andre sektorlovene.

Saksbehandlinga blir regulert av [tidsfristforskrifta](#), som skal legge til rette for ei effektiv søknadsbehandling. Søknadar i tildelingsfasen skal i teorien ta maksimum 22 veker.

Forslag til endringar av forskrifter som gjeld akvakultur

Dei føreslåtte regelverksendringane har som formål å gjennomføre dyrehelseforordninga (EU-forordning 2016/429) i norsk rett. Med heimel i dyrehelseforordninga er det gitt meir enn 20 utfyllande forordningar. Desse forordningane gir utfyllande reglar til dyrehelseforskrifta, og er foreslått gjennomført i Noreg ved ei rekke forskrifter heimla i matlova. Denne høyringa handlar om korleis Noreg skal ta inn forordninga i dei norske forskriftene.

Mattilsynet foreslår endringar i:

- forskrift 6. juni 2008 nr. 823 om etablering og utvidelse av akvakulturanlegg, zoobutikker m.m. (etableringsforskrifta)
- forskrift 17 juni 2008 nr. 822 om drift av akvakulturanlegg (akvakulturdriftsforskrifta)

- utkast til forskrift om dyrehelseforskriftens regler for akvatiske dyr

For nærare oversikt, sjå Mattilsynet si [nettside](#) om regelverksprosessen.

Vurdering

Regelverksendringa er omfattande og gjeld mange forskrifter. For akvakultur vert det foreslått utfyllande krav om godkjenning av anlegg. Nytt er at det skal stillast krav om ein biosikkerheitsplan, og at Mattilsynet skal inspisere og godkjenne eit akvakulturanlegg før dei kan gi løyve med heimel i matlova. Føreslåtte endringar vil påverke fylkeskommunen som tildelingsmyndigheit etter akvakulturlova, men er ikkje synleggjort i høyringa.

Fylkeskommunen er tildelingsmyndigheit i akvakulturforvaltninga og det må ligge føre løyve frå Mattilsynet etter matlova før fylkeskommunen kan innvilge søkar løyve etter akvakulturlova. Dei føreslåtte forskriftsendringane avklarar ikkje om Mattilsynet kan gi endeleg løyve etter matlova før fylkeskommunen sluttbehandlar saka etter akvakulturlova. Med andre ord, om fylkeskommunen først kan gi endeleg løyve når anlegget er klart, inspisert og godkjent av Mattilsynet. Slik vi forstår dette inneber det at næringa må investere i anlegg og ha det klart til drift før endeleg akvakulturløyve kan bli gitt. Dette vil også medføre at det blir vanskeleg å følgje tidsfristforskrifta.

Fylkeskommunedirektøren si vurdering er at eit krav om godkjenning av anlegget etter dyrehelseforskrifta i tildelingsfasen vil vere eit uforholdsmessig krav å stille til næringa. Ein slik regel vil innebere at næringa må gjere investeringar i eit anlegg før dei er sikre på om dei faktisk får akvakulturløyve. Dette vil særleg vere eit hinder for landbasert oppdrett, der eit akvakulturløyve er grunnlag for å kunne få inn investorar og kapital. Dersom Mattilsynet kan gi løyve etter matlova i tildelingsfasen, kan fylkeskommunen gi akvakulturløyve. Deretter kan anlegget i driftsfasen godkjennast for produksjon etter dyrehelseforskrifta, og andre forskrifter og sertifiseringar som også høyrer heime i driftsfasen, og som blir utført av både Mattilsynet og Fiskeridirektoratet.

For at det skal bli god og praktisk samanheng mellom regleverka bør fylkeskommunane bli involvert i det komande arbeidet med tilpassinga av regelverket for den delen som gjeld tildeling av akvakulturløyve. Fylkeskommunanes akvakultursamarbeid (FAKS) kan vere eit felles kontaktpunkt for Mattilsynet.

Ottar Brage Guttelvik
fylkeskommunedirektør

Erik Brekken
kompetanse- og
næringsdirektør

Vedlegg

- 1 Høring - akvatiske dyr - forslag om endringer av dyrehelseforskriftens regler for akvatiske dyr mv, etableringsforskriften og akvakulturdriftforskriften